

● SI' SIST



kallar eit mildare samfunn. Rune gestikulerer med alle lause kroppsdelar når han kjem inn på ei sak han er engasjert i, og det skjer ikkje sjeldan. Armane går opp og ned, eine foten dirrar og hovudet blir kasta fram og tilbake.

- Eg synest eg det er ekstremt viktig at samfunnsaktørar våger å meina noko. Tenk bare på Hitler. Mange bedrifter såg han var spinngalen, men torde ikkje sei noko på det, og me såg korleis det gjekk.

På brevsidene i avisene har han gjort seg markert med sterkt motstand mot mellom anna abort, homofili og palestinastønad.

- Det er lettare å seia kva eg meiner i avisa. Viss folk prøver å diskutera... Eg ser ikkje siktet målet. Eg gidd ikkje, ler han av væpnande.

- Nå er det jo vanvitig mykje sjølvrealisering, og me vil leva så fritt. Viss me opphever grensene, ser me ikkje konsekvensane før det er for seint.

- Korleis er det å bli oppfatta som fundamentalist?

- Du må ha det rette fundamentet for meiningsane. For meg er det Bibelen. Mange trur det er negativt, men for meg er det positivt. Fundament er noko som skal bera. Bibelen inngår ikkje

kompromiss, det gjer ikkje eg heller. Så enkelt er det bare.

Ingen surfebohem

Han opplever ikkje at det stoppar kundestraumen til Surfschool.

- Eg vil vera ilag med folk eg kjenner uavhengig av livssyn og politikk. Me surfar, ferdig med det. Eg synest det er viktig å markera meiningsane mine, det gjer eg i form av avisinnlegg. Så kjem dei gjerne med anmerkingar, det er heilt greit det òg, så går me og surfar.

Sjølv om han får leva av byen sin, understrekar han at det er ikkje noko bohemliv å driva Surfschool.

- Det er mykje planlegging på førehand, så kjem eit lass med folk og då skal alt vera perfekt. Etterpå skal alt ryddast og vaskest. Medan eg held på med det, har eg gjerne 13 ubesvarte anrop eg må ringa opp igjen.

Den største utfordringa er papirmølla som kjem av å vera næringsdrivande.

- Det verste eg veit er skattestyresmaktene og byråkrati. Papirarbeid - offf, stønnar han og drar hendene teatralsk nedover ansiktet.

- Eg bare hiv alt oppi ein pose og gir det til rekneskapsføraren. Akkurat slik me ikkje skal gjera, ler han og ristar på hovudet.

Tikkande bombe

Han er ikkje nådig når han trekkjer fram karakteristiske eigenskapar med seg sjølv.

- Eg er impulsiv, utolmodig og oppfarande. Det er ei skikkeleg negativ skildring, men det er vel slik det er, smiler han.

I slike stunder er det godt å ha eit bibelsitat å ty til.

- I ditt ansikts sveitte skal du eta ditt brød, står det skrive. Det er eit veldig godt prinsipp eg arbeider ut frå. Eg trur det er vegen til suksess - ikkje ambisjonen om å tena mest muleg penger.

Har du aldri angra på surfe-prosjektet?

- Åh! Herligahed. Det er veldig mange gonger eg bare vil gi blaffen - så enormt! Men når eg ser på alternativa, er ikkje det noko betre. I ditt ansikts sveitte skal du eta ditt brød, slik er livet, gjentar han.

- Etter eg er ferdig med surfe-kurs må eg opp til eit gatekjøkken på Nærø og lesa avisa. Eg slår av mobilen og snakkar ikkje med nokon. Det er deilig.

Rune fortel at det er slik han hentar seg inn igjen etter å ha vore med menneske ein heil dag.

- Så er det heim til kona og ungane, og då koplar eg ut Surfschool. Eg har tatt eit val om å få ein familie. Då er det viktig å gle seg og vera takknemlege for dei.

Verdset aksept

Når sommaren er over og surfereturistane har reist heim, blir det nokre dagar då Rune bare kan tenkja på seg sjølv. Villstyringen blir henta fram igjen i bølgjene.

- Det absolutt gildaste eg gjer er å surfa. Åh... Viss eg i tillegg er saman med ein kamerat... Åh, det roar meg heilt ned. Eg har eit par slike dagar i året, dei lever eg lenge på.

Han drøymer om å kjøpa ei gammal folkevogn, mala ho i blomstrete hippiemønster og at folk kan koma opp til surfschoolvogna og synga og spela gitar med både i solnedgang og sommarbris.

- Ein må ikkje stoppa å leva for det om ein blir kristen. Det er ikkje kristeleg. Eg kjem alltid til å gjera overtramp, og så tenkjer eg gjerne etterpå; fytti det var ikkje heilt smart, ler han hjarteleg.

Eit varmt smil breier seg ut over det solbrune ansiktet.

- Men så er eg stolt over å bli akseptert for den er er. Eg blir vel ikkje heilt akseptert av samfunnet, men av dei nærmaste. Det er vel det viktigaste for alle.

ALICE TEGLE | tekst og foto

alice@jbl.no



FORNØYD FESTIVALLEDER:
Omund Norheim mener årets Ranglerock har vært en stor suksess. (Foto: Ane Madsen)

- Tidenes beste

BERIT S. HÅRR | tekst
bsh@jbl.no

Årets Ranglerock i Bryne mølle ble igjen tidenes beste, mener festivalleder Omund Norheim.

Årets festival gikk av stabelen forrige helg, og festivalledelsen melder om fulle lokaler begge dagene.

- På fredagen ble vi helt utsolgt, og lørdag var det også slik at noen måtte vente utenfor til andre kom ut, forteller Norheim.

NORHEIM ER ikke sikker på hvor mange betalende som var innom, men antar at rundt 650 personer fant tur til mølla i løpet av de to dagene.

Festivalen har i løpet av sin levetid somregel gått sånn cirka i null økonomisk. I år er det et lite håp om å gå litt i overskudd.

- Vi har ikke hele oversikten enda, men vi regner med å gå litt i pluss. Det er alltid greit å ha litt å rutte med når vi skal begynne å tenke på neste års festival.

IFOLGE NORHEIM har stemninga vært på topp hele tiden, og de besøkende har oppført seg eksemplarisk. Tilbakemeldingene har bare vært positive.

- Jeg har fått epost fra flere som var på Ranglerock for første gang som sier at det var skikkelig bra og at de gleder seg til neste år.

For Ranglerock blir det igjen neste år også. 16. og 17. juli åpnes dørene igjen for ranglere fra fjern og nærliggende områder.